



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
18/24169-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
15.02.2018

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for arealoverføring og opparbeiding av uteområde for Sagstad skule gnr. 24 bnr.27 – Meland kommune

Vi viser til motteke nabovarsel og søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen for tiltak ved Sagstad skule i Meland kommune.

Uteområde ved Sagstad barneskule er for små til å oppfylle krav til arealnorm og kommunen har difor erverva areal rundt skulen, innanfor område for offentleg tenesteyting, oT_2, i kommuneplanens arealdel. Områda ligg ikkje i nær tilknytning til fylkesveg.

Meland kommune som tiltakshavar søker om dispensasjon frå plankrav for arealoverføring og opparbeiding av uteområda. Dei vurderer at ein reguleringsplan ikkje vil tilføre saka fleire opplysningar, men vil forseinke prosessen med å oppfylle krava til arealnorm.

Statens vegvesen har ingen merknader til kommunens vurdering av dispensasjonssaka. Vi ber om at ein i byggjesakshandsaminga legg vekt på at tiltakshavar skal unngå anleggstrafikk på fv. 244 nær skulen ved skulestart og skuleslutt.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

